



Skognæringsforum Vestland

Dykkar ref.

Vår ref.

26/7249 - 2

Dato

04.08.2026

Saksnr.	Utval
81/26	Utval for kultur og næring

Vedtak: Søknad om tilskot til årets Vossamøte

I medhald av delegeringsreglement vedteke i Voss heradstyre i sak 50/25, vert det gjort fylgjande

VEDTAK:

Søknad av 03.08.26 frå Vestland Skognettverk om kr 40 000 i tilskot til gjennomføring av skogseminar og skogdebatt på Voss 24. august 2026 vert delvis godkjent. I rentemiddelbudsjett for 2026 er det budsjettert med kr 20 000 til informasjons-, rettleiings tiltak jf Vossamøte 2026. Det vert derfor gjeve tilsagn på kr 20 000 i tilskot for 2026 med heimel i § 14 Forskrift om skogfond. Utbetaling skjer etter dokumentert gjennomført tiltak.

Vedtaket kan klagast på etter forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagefrist er 3 veker frå mottak av vedtaket, ev. klage skal sendast til postmottak@voss.herad.no

Med venleg helsing

Vidar Jørdre

Leiar byggjesak og næring

Tlf:

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

